



Karl Lepsøe  
Myrvollen 5  
5210 Os

Dato: 03.06.2016  
Vår ref.: 2015/2159-118  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Tørrmur Stavangerske postveg - Berge 2 - gnr 71 bnr 6 - Os kommune - Søknad om tilskot til vern og vøling av kulturminne 2016. Uunderretting om vedtak

Det vert vist til Dykkar søknad av 26.10.2015 om tilskot til vern og vøling av kulturminne.

Ordninga med tilskot til vern og vøling av kulturminne vart handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling på møte den 10.05.2016, sak 71/16. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

### Grunngjeving:

For 2016 var det 49 søknader og kr 973.000,- til fordeling. Samla søknadssum var kr 4.826.701,-. Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkjarar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria for skjønnsutøving som er fastsett i vedtekne retningslinjer for ordninga.

I grunngjevinga står det:

«Vegen er mykje brukt som tursti og er på den måten eit viktig kulturminne som er tilgjengeleg og i bruk. Fylkeskommunen har ved fleire høve gjeve støtte til postvegane i Hordaland og saman med Statens vegvesen vore ansvarleg for utgjevinga av boka Postvegane i Hordaland. Postvegane er viktige kulturminne og vil oppmode eigar også å søkje Norsk kulturminnefond om midlar til tiltaket. HFK har øymerka midlar frå staten til postvegane i Hordaland. Tiltaket vil bli vurdert i høve til omsøkt beløp. HFK v/administrasjonen vil difor vurdere utbetaling av stønad til tiltaket i høve til desse midlane. Tilråding: Avslag frå Vern og Vøling, men vurdert i høve til øymerka midlar til postvegane i Hordaland.»

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
konst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*